

# TID FOR RETTFERD!



Foto: Stig Weston/sv



Ulike menneske  
like sjansar



# Tid for rettferd!

Noreg er eit av dei beste landa i verda å bu i, av di samfunnet vårt er eit spleiselag. Dei som har mest betaler mest i skatt, slik at folk som mistar jobben eller blir sjuke skal ha økonomisk tryggleik. SV vil styrkje denne fellesskapen, og sikre arbeid og velferd til alle.

## Likeløn no!

Kvinner tener i gjennomsnitt 15 prosent mindre enn menn, jamvel om dei har like lang utdanning og gjer ein like viktig jobb. Det er ofte kvinner som arbeider med barn, står i butikkane og pleier gamle og sjuke. Dei gjer jobbane vi ikkje kan klare oss utan. Det er på tide å gje kvinner løn som fortent!

## SV vil:

- Gje kvinnedominerte yrke i offentleg sektor høgare løn gjennom ein likelønspott
- Kjempe mot ufrivillig deltid og gje rett til overtidsbetaling for arbeid utover stillingsbrøken

## Del goda – skap nye arbeidsplassar!

Finanskrisa gjer at arbeidsløysa vil stige i Noreg. Arbeidsløyse er hardt for dei som mistar jobben, og ei stor sløsing med ressursane i samfunnet. Aukande arbeidsløyse gjer det endå viktigare å dele goda meir rettferdig. SV vil auke skattane for dei som tener mest. I staden for skattelette vil vi nytte pengar på å skape arbeidsplassar.

## SV vil:

- Skape nye arbeidsplassar ved å nytte pengar på viktige samfunnsoppgåver. Tida er inne for å ruste opp skular og sjukeheimar og satse på fornybar energi

og miljøteknologi.

- Syte for at dei som står utan arbeid får hjelp til å kome seg i arbeid eller utdanning
- Auke skattane for dei som tener mest, og gje skattelette til lågtlønne

## Kamp mot fattigdom!

Mange i Noreg har så dårleg råd at dei ikkje kan leve eit vanleg liv og delta i samfunnet som andre. Det går hardast ut over barn og unge. Det er vondt å vere den einaste på laget som ikkje kan vere med på fotballturnering, eller aldri har råd til å gå på kino. Målet til SV er eit samfunn utan fattigdom. Difor vil vi syte for at velferdsordningar som barnehage, skule, fritidstilbod og helsetenester er tilgjengelege for alle – uavhengig av storleiken på lommeboka.

## SV vil:

- Innføre nasjonale minstesatsar for sosialhjelp som speglar att levekostnadene folk faktisk har
- Bygge minst 4.000 rimelege utleige-bustader i året og auke bustønadene
- At ingen skal betale meir enn 2.500 kroner i året for tannbehandling. For einskilde grupper med dårleg råd skal tannhelsetenester vere gratis

Trykktet på 100% resirkulert papir



[www.sv.no](http://www.sv.no)

Sosialistisk Venstreparti

Akersgata 35, 0158 Oslo

Tlf.: 21 93 33 00

e-post: [post@sv.no](mailto:post@sv.no)

[www.sv.no](http://www.sv.no)